


**MELAND KOMMUNE**

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

*Vedlegg*

Grunneigarar og heimelshavarar i planområdet

Dykkar ref.

Vår ref. RIL

Journalp.ID 09/7496

ArkivsakID 07/288

Arkiv nr. N-504

Dato 17.06.2009

**GODKJEND REGULERINGSPLAN FOR FYLKESVEG 245 MOLDEKLEIV - FOSSE.**

Meland kommunestyre har, i møte 13.05.09, sak 051/09, i medhald av plan- og bygningslova § 27-2, punkt 1, godkjend reguleringsplan for Fylkesveg 245, Moldekleiv – Fosse, med tilhøyrande føresegner.

Kommunestyret sitt godkjenningsvedtak følgjer vedlagt.

Plankart og føresegner m.m. er tilgjengelege i rådhuset på Frekhaug, avdeling for natur, næring og tekniske tenester.

Godkjend reguleringsplan er, etter plan- og bygningslova § 31 nr.1, straks bindande for alt arbeid og alle tiltak innafor planområdet som er nemnde i plan- og bygningslova §§ 81, 86a, 86b og 93.

Krav om erstatning i medhald av plan- og bygningslova § 32, nr.1, 2. ledd og krav om innløyning etter § 42, må vere framsett seinast 3 år etter at reguleringsplanen er kunngjort.

Godkjenninga kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland.

Klagefristen er 30 dagar etter at godkjend plan er kunngjort i avisene.

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

*Reidun Iden Lædre*  
 Reidun Iden Lædre  
 Førstesekretær

Vedlegg.

**Adresse**  
 Postboks 79  
 5906 Frekhaug  
 postmottak@meland.kommune.no  
 naering.natur.teknikk@meland.kommune.no

**Telefon:**  
 56 17 10 00

**Telefaks:**  
 56 17 10 01  
 avd. 56 17 1161

**Bankkonto:**  
 3632 07 00242  
**Bankkonto skatt:**  
 6345 06 12563

**Heimeside:**  
 www.meland.kommune.no  
**Kartinformasjon:**  
 www.nordhordlandskart.no

# Meland kommune

## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Planutvalet	21.02.2007	JHB	019/07
Kommunestyret	28.03.2007	JHB	026/07
Planutvalet	21.11.2007	SVT	145/07
Formannskapet	22.04.2009	SVT	052/09
Kommunestyret	13.05.2009	SVT	051/09

<b>Avgjerd av:</b> Kommunestyret	<b>Ansv.</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksbeh.:</b> Sveinung Toft	ANB	N-504	07/288

### 2. GONGS HANDSAMING REGULERINGSPLAN FYLKESVEG FV 245, FOSSE - ÅDLAND FRÅ HATLEBERGET TIL VEGKRYSS FYLKESVEGEN - KOMMUNAL VEG TIL SKARPENESET.

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	31.05.2007	Strilen, Avis Nordhordland Bergens Tidende	KUNNGJERINGSTEKST
3	U	04.06.2007	Aktuelle grunneigarar og heimelshavarar/naboar	VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN FYLKESVEG FV 245, FOSSE - ÅDLAND FRÅ HATLEBERGET TIL VEGKRYSS FYLKESVEGEN - KOMMUNAL VEG TIL SKARPENESET.
4	U	05.06.2007	Offentlege instanser m.fl. etter liste	VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN FYLKESVEG 245, FOSSE - ÅDLAND FRÅ HATLEBERGET TIL VEGKRYSS FYLKESVEGEN - KOMMUNAL VEG TIL SKARPENESET.
6	I	12.06.2007	Fylkesmannen si landbruksavdeling	UTTALE TIL OPPSTART AV REGULERINGSPLAN FYLKESVEG FV 245 FOSSE - ÅDLAND FRÅ HATLEBERGET TIL VEGKRYSS FYLKESVEGEN - KOMMUNALVEG TIL SKARPENESET.
5	I	12.06.2007	Aud W. Berntsen	VS: REGULERINGSPLAN FYLKESVEG 245 - TILKNYTNING TIL OFF. VASSVERK FOR GNR 27 BNR 23 OG 25.
7	I	14.06.2007	Arne Kristiansen	UTBETRING AV FYLKESVEG 245 MOLDEKLEIV.



med Statens Vegvesen og trasevalet er gjort ut frå mange omsyn knytt til både vegnormer og tilpassingar til landskap, miljø m.m.

**7. Brev frå Kristine Fluge og Haakon Aase stempla motteke 23.01.08**, som skriv at det ikkje er noko mål å auka kapasiteten på vegane, og viser til den store klimautfordringa og andre miljøomsyn. Dei går difor mot at vegen vert utvida til ein tofeltsveg, og peikar på at auka fart vil gje auka risiko for ulykker. Vidare vert det peikt på at det er jordbruksareal på gnr.26 bnr. 5 som vil gå tapt på grunn av reguleringa, og at det bør vurderast å leggja ny gang- og sykkelsti til utmarksområdet lenger vest i utmarka, i staden for å la den gå parallelt med fylkesvegen. På den måten kan ein spare både innmarksareal og andre terrenginngrep nede langs fylkesvegen, skriv dei. Til slutt tek dei opp tilhøva til kulturminna langs vegen, og meiner det er viktig å ta vare på dei høge vegmurane ved Hatleberget og elvemurane i Midtsundbrekka. Den gamle potetkjellaren meiner dei det vil vera heilt uakseptabelt å riva. *Administrasjonen har vurdert merknaden og kan ikkje sjå at det er føremålsteneleg å leggja ein ny gang-/sykkelveg i utmarka slik det her vert føreslått, då det ikkje vil gje eit teneleg tilbod til mjuke trafikkantar som bur langs strekninga. Det er viktig at gang- og sykkelvegen følgjer fylkesvegen i dette området, då det er langs denne dei fleste bustadfelta har tilkomst frå. Ein veg i utmarka vil også medføre større høgdeskilnader, noko som vil medføre at nytteverdien av gang-/ sykkelvegen vert kraftig redusert. Vidare meiner administrasjonen at det er eit veldokumentert behov for å få opp vegstandarden langs heile vegstrekninga, og viser til at det er pårekeleg med stor trafikkauke på fylkesveg 245 i framtida. Det vert og vist til at det er planlagt nytt bustadfelt i Sundet med inntil 70-80 bueiningar, og at dette saman med anna utbygging i bygdene lenger nord vil medføre auka trafikk forbi Litlebergen og behov for betre veg. I planskildringa vert trafikkauken stipulert til å auka med 2 % per år uavhengig av dei nye bustadfelta. Administrasjonen vil i tillegg peika på vår kommentarar gjeve til merknad 4 og merknad 15.*

Når det gjeld tilhøvet til kulturminna vil ein visa til merknaden frå Hordaland fylkeskommune og vurderinga til denne. For å spare bekken ned Midtsundbrekka valde ein å gå på ei løysing som medfører at potetkjellaren må rivast. Det vert mellom anna vist til merknad frå NVE i samband med oppstarten, der NVE rådde frå at vegen vart lagt over bekken. *Administrasjonen kan difor ikkje sjå at det i merknaden ligg føre nye og tungtvegande argument som gjer grunn til å endra på reguleringsplanen.*

**8. Brev frå Trond Helland Oddekalv og Åse Grønsnes stempla motteke 24.01.08**, som skriv at dei helsar tiltaket velkomen på vegne av gåande og syklistar, og elles kjem dei med merknader som er viktige i samband med seinare detaljprosjektering og når anleggsarbeid skal starta opp.

*Administrasjonen tek merknaden til orientering.*

**9. Brev frå Knut Aase og Torill Refsdal Aase stempla motteke 24.01.08**, som skriv at dei har sterke innvendingar mot planframlegget, og meiner at vegframlegget legg opp til at vegtraseen vil verta flytta heilt inn til grunnmuren på bustadhuset deira på gnr. 26 bnr. 1. Vidare viser dei til at det vil gå med areal inne på tomta, både tilplanta areal og gamal steinmur m.m., og at dette er kvalitetar dei meiner er viktig å ta vare på både for å redusera trafikkstøy og som kvalitetar i hagen. Dei er kritiske til at eksisterande avkøyrslar vert stengt, og meiner at opparbeiding av føreslått ny avkøyrslar vil medføre store inngrep i hagen på grunn av ein høg steinmur. Om ei vegutviding er naudsynt meiner dei at vegtraseen må justerast mot vest, og peiker i tillegg på at farten bør reduserast til maks. 40 km/t, samt at det bør koma fartsdemping i området.



*Administrasjonen har drøfta merknaden og har i nært samarbeid med Statens Vegvesen kome til at traseen kan justerast noko meir mot vest forbi bustaden frå om lag profil 750 – 850. I tillegg har ein fått på plass ein tverrprofil som viser meir nøyaktig kor nært ein då vil koma bustadhuset på gnr. 26 bnr. 1. Det justerte planframlegget viser då at fortauet kan leggjast utanfor eigedomsgrensa på denne staden, og at berre veggrofta vil koma inn på eigedomen. Avstanden mellom regulert bilveg og bustadhuset vil då vera likt som i dag. Administrasjonen rår ikkje til at avkøyrsla ved bustadhuset vert flytta, då det er viktig å ivareta siktkrava langs strekninga. Ein tilrår at eksisterande avkøyring til løa kjem inn i planen, sidan siktkrava her kan løysast. Med tilrådde justeringar meiner administrasjonen at ein har imøtekomme merknaden på ein tilfredstillande måte.*

**10. Brev frå Fylkesmannen i Hordaland stempla motteke 24.01.08**, som skriv at dei fremjar motsegn til reguleringsplanen, sidan strandeigedomane ved Hatleberget/Jektevika er lagt ut til bustadar, fritidsbustader, naust og parkering. Dei viser til strandsonevernet gjeve i Stortingsmelding nr. 26.

*Administrasjonen har drøfta merknaden og tilrår på bakgrunn av motsegna at reguleringsplanen vert endra slik at bustadarealet og naustområdet vert redusert til berre å omfatta bebygd areal. Dei tidlegare viste byggeområda vert tilrådd lagt ut til landbruksområde. Alternativt kunne området vorte lagt ut til friluftsområde, men sidan området er svært bratt meiner administrasjonen at føremålet landbruk vil sikra arealet på ein tilfredstillande måte.*

**11. Brev frå Hordaland fylkeskommune stempla motteke 29.01.09**, som skriv at føremålet med planen er å heva standarden på fylkesvegen og leggja til rette for fortau langs heile vegstrekninga. Vidare skriv dei at "Føremålet er i samsvar med kommuneplanen, der området er vist som; viktig ledd i kommunikasjonssystemet, fylkesveg og kommunal veg." Det vert og vektlagt at fylkesplanen seier at vegar inn mot senter skal sikrast med gang- og sykkelveg. Når det gjeld kulturminne vert potetkjellaren i Midtsundbrekka nemnt, og ein ber om dokumentasjon om denne, vidare ber ein om at det under opparbeiding av vegen vert prøvd å unngå inngrep/skadar på kulturminne som steingardar, stiar, bakkemurar m.m. Med atterhald om kulturminna har instansen ikkje merknad til planen. Administrasjonen tek merknaden til orientering.

**12. Brev frå "Barn og unge sin representant" stempla motteke 30.01.08**, som meiner det er positivt at vegen vert regulert, og som peikar på at det er viktig med trygge overgangar for mjuke trafikkantar.

*Administrasjonen tek merknaden til orientering og viser til at det vert samanhengande gang- og sykkelveg langs heile strekninga.*

**13. Tilleggsbrev frå Bjørn Røvik-Larsen stempla motteke 31.01.08**, (jf merknad nr. 3) som her skriv at ei generell 15 meters byggjegrænse langs vegen må avvisast, og at reguleringsplanen må opna for mindre byggjearbeid på einskildtomter også innanfor 15 metersgrensa langs fylkesvegen. Det vert i brevet vist til brevet frå Statens Vegvesen, der slik byggjegrænse vert krevd.

*Administrasjonen ser ikkje grunn til å endra på byggjeforbodsgrensa langs fylkesvegen, då denne grensa er eit innarbeidd prinsipp som Statens Vegvesen som faginstans meiner er viktig å sikra juridisk, for å ha kontroll med både arealbruken og nye tiltak langs offentlege vegar.*